



G16 laget gjorde ein strålande kamp.

**Fotballen i Norway Cupp rullar verkeleg vidare, og det har vore ein flott fotballdag i Oslo. Etter at J14 innleia dagen med ein imponerande 3-1 siger mot sterke Hafslo, har alle laga vore i aksjon. Resultata har variert, men spelarane har gjort ein flott innsats og har samla nye flotte opplevingar!**

Resultatmessig har G14 laget til Trio med Martin H. Arnesen på laget, gjort det best. Etter storsiger første dag fulgte dei i dag opp med 8-0 over eit lag frå Sogndal. dermed er Trio-gutane alt klare for A-sluttspel. Vi gratulerer.

I tillegg til J14 laget har vi fått inn resultat frå alle dei 4 andre laga til Rosedal/Uskedal. G13 møtte verkeleg sterk motstand frå Bærum SK 2. Det enda med tap, 0-10.

G16 laget møtte også eit svært sterkt lag, Ranheim. R/U tok leiinga ved Torstein Myklebust i 1.omgang, og det var også pauseresultatet. Laget spela ein svært god kamp. Dessverre utlikna Ranheim på straffe like før slutt, og dermed enda kampen uavgjort 1-1 i følgje RT si facebook-rapportering. (På Norway Cup si resultatside står denne kampen oppført med Rosedal/Uskedalsiger 1-0. Håpar det er rett, for det hadde gutane forrent.)

Også G14 gjorde ein kjempegod kamp. Dei møtte eit svært sterkt lag i Vålerenga 1. Dei jobba godt og stod bra i mot. Dermed vart sluttresultatet eit heiderleg 0-4 tap. For J16 vart det tap også i dag, 1-7.

Elles anbefaler vi alle å følgja kampane på RT si facebookside. Der er det gode oppdateringar, og einskilde kampar vert også sendt direkte med god 'TV-produksjon'.



Grundige førebuingar av analyseteamet til J14 til tirsdagens kampar.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland  
Foto frå RT si facebook-side.